

Emnerapport (våren 2015)

Emnekode og namn: NORMAU650, kull 2012

Faglærar si vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Dette studentkullet som er i det andre av i alt fire semester på masteroppgåva, har hatt ei obligatorisk samling ved UiB 16. – 17. april. Elles i semesteret har dei jobba individuelt og hatt individuell kontakt med rettleiarane sine. Evalueringa her er difor i hovudsak basert på den obligatoriske samlinga.

Studieinformasjon: Kontakten med heile kullet har, utanom samlinga, føregått på Mi Side.

Faglærar si vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr: Samlinga vart lagd til Studentsenteret, seminarrom A. Dette var eit godt og sentralt fellesrom. I tillegg fekk me to kollokvierom på Sydneshaugen skole til gruppetimane, og det var også eigna lokale.

Faglærers kommentar til student-evalueringen(e)

Metode – gjennomføring: På førehand hadde studentane fått i oppgåve å levera eit tekstuksast på 2 – 5 sider på KARK via Mi Side. Alle dei 9 studentane som møtte til samlinga, hadde gjort dette. Den første samlingsdagen var sett saman av ei gjesteforelesing av Laila Aase som gav eit historisk perspektiv på norskfaget og fagdidaktikken frå 1970 til i dag, ei intern forelesing om korleis ein byggjer opp ei masteravhandling og prosjektutveksling i smågrupper. Til sist på dagen vart det også plenumspresentasjon for ein av studentane som hadde meldt fråfall dagen etter. Den andre samlingsdagen var sett av til plenumsframlegg der rettleiarar og studentar saman kom med respons til kvart enkelt prosjekt. I tillegg til dette vart det på samlinga lagt inn litt song og ein liten rettskrivingskonkurranse.

Alle dei åtte studentane som var på samlinga den andre dagen, har svara på den papirbaserte emneevalueringa som var delt ut til slutt. Dei fekk der tre spørsmål dei kunne svara på i tillegg til kategorien anna.

- 1) Kva er du nøgd med når det gjeld denne samlinga?
- 2) Kva kunne vore betre/annleis?
- 3) Kva ynske har du for neste samling til hausten?

Oppsummering av innspel: Det var allmenn semje om at fellesforelesinga med Laila Aase hadde vore både interessant og relevant. Elles verka studentane jamt over nøgde med oppbygginga av programmet og sette pris både på å få respons i smågrupper og å verta tvinga til å presentera og setja ord på prosjekta sine i plenum. I tillegg var dei fleste denne gongen oppmoda om å få til ein individuell samtale med sin eigen rettleiar, og det verka det som dei fleste hadde fått til. Studentane gav også uttrykk for at det er verdifullt og kjekt for dei å treffa kvarandre på denne måten. Dei likte også å syngja.

Når det gjeld tips om endringar, er det som går att at dei kunne ha tenkt seg lenger tid med Laila Aase eller om grunnleggjande omgrep eller sentrale fagtekstar (danning, didaktikk, faghistorie, fagdiagnose). Nokre nemner at dei kunne ønskja seg fleire forelesingar som er knytte til oppgåveskriving og skriveprosessen (kjeldegransking/tilvising). Nokre hevdar at kravet om at dei skulle levera inn ein skriftleg tekst på KARK, kom for seint og må bli varsle i god tid.

Ynskemål for haustsamlinga går eigentleg mykje i meir av det same som dei fekk denne gongen. Ein student skriv rett og slett at han synest denne samlinga kan brukast som modell for neste samling. Dei ønskjer ein gjesteforelesar/ei inspirasjonsforelesing og gjerne Laila Aase på nytt. Dei vil ha gruppediskusjonar (kanskje litt lengre enn denne gongen). Dei vil også presentera eigne prosjekt og høyra andre sine prosjekt i plenum, og dei ønskjer praktiske skrivetips.

Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:

Me som leier samlingane, synest det er bra at det under plenumsframlegga er inne fleire ulike rettleiarar som kan sjå og koma med ulike nyttige innspel til studentane vidare i prosjekta deira.

Innleveringa som skulle gjerast, vart varsle i god tid på Mi Side, dvs. lenge før påske, men den siste presiseringa om korleis, kom berre vel ei veke før samlinga. Det er difor truleg denne meldinga studentane har bite seg merke i, og som dei meiner burde ha kome før.

Det ser ikkje ut til at det er behov for store endringar i opplegget, men at me derimot har kome fram til ein modell som fungerer godt for desse studentane. Det er bra at dei opplever variasjon over to samlingsdagar i form av å møta ulike fagpersonar, få fagleg påfyll, og at dei får jobba med eigne prosjekt i ulike kontekstar (individuelt med rettleiar, i responsgrupper og i plenum). Fredagen som vert sett av til presentasjonar, kan kanskje brytast litt opp ved at ein kortar noko ned på presentasjonane i neste semester, og at det t.d. også vert rom for ei økt om sjølve skriveprosessen.

Både studentane og me tilsette i fagdidaktikken ser på det som ein stor ressurs å kunna nyta Laila Aase som foredragshaldar og inspirator for NORMAU-studentane. Så lenge ho er viljug til å yta denne tenesta for oss, vil me difor svært gjerne ha høve til å spørja henne om å forelesa.

Desse samlingane er utvilsamt til nytte og blir opplevde som verdfulle for dei erfaringsbaserte studentane. Ei utsegn frå ein av studentane frå denne evalueringa kan difor fungera både som eit argument for og ein konklusjon på dette: «Jeg er svært takknemlig for disse samlingene i skrivenfasen. De er helt nødvendige for å kunne fullføre...»